

## Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015

Håkon Rasmussen opplyste om ein faktafeil i saksframlegget. Det er fylkesrådmannen som legg fram saka, ikkje saksordføraren.

Saksordfører **Atle Kvåle** orienterte om planprogrammet.

**Svein Halleraker** sette på vegne av H, FRP, V, A, SP, KRF fram forslag til justeringar i pkt 5.1.1 i planen.

**Alf Helge Greaker** sette på vegne av V, FRP, H fram forslag til ny innstilling.

Framlegg til planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 vert sendt på høyring i medhald av plan- og bygningslova § 8-3, når følgjande plantema er innarbeida:

- innfartsparkering
- parkeringstilhøve for sykkel og motorsykkel
- infrastruktur for, og samarbeid ellers med drosjenæringa

**Tom Skauge** sette fram forslag om tillegg til innstillinga.

SAMU ber administrasjonen gje høyringspartane høve til å gje innspel på desse framlegga:

- Klimaforliket i Stortinget bør inn som viktig nasjonal føring for planarbeidet
- Alle skular skal ha et trafikksikringsprogram i samarbeid med skule og foreldre.
- For å gje rom for nyttetraffikken på fylkesvegnettet må det på alle innfartsårar til Bergen med fire felt bli regulert to felt til kollektivfelt.
- For å gjere vegen betre framkommeleg for nyttetraffikken mot vest bør det regulerast inn kollektivfelt på det nye sambandet og fundamentarast for framtidig bybane.
- På særleg overbelasta vegar bør en prøve ut gratis kollektivtransport for å betre konkurransevilkåra for miljøvennleg kollektivtransport som t.d. mellom Sotra og Bergen.

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk ingen røyster og fall.

Alf Helge Greaker sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Svein Halleraker sitt forslag til justering av teksten i planen pkt 5.1.1 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Tom Skauge sitt forslag pkt a) vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Tom Skauge sitt forslag pkt b-e fekk 1 røyst (SV) og fall.

### Innstilling

Framlegg til planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 vert sendt på høyring i medhald av plan- og bygningslova § 8-3, når følgjande plantema er innarbeida:

- innfartsparkering
- parkeringstilhøve for sykkel og motorsykkel
- infrastruktur for, og samarbeid ellers med drosjenæringa
- klimaforliket i Stortinget bør inn som viktig nasjonal føring for planarbeidet